

Det er ein St. Petersfisk!

30.10.2008

Det tok ikkje mange minutta etterat meldinga om fiskefangsten ved Flatholm var lagt ut før Erlend Moen på Ljosnes hadde svaret: Det er ein St. Petersfisk!

Fisken har i det siste vorte meir vanleg å sjå også i våre farvatn sjølv om han høyrer heime på 'dei store hav'.

Han kan bli opptil 90 centimeter lang og vega åtte kilo. Kroppen er svært høg og samantrykt frå sidene. Fisken har ein karakteristisk mørk flekk på kvar side av kroppen, les ein i Wikipedia.